

Kroka Eigedom kjøper Rosendal Hyttetun.

16.03.2017



Kroka Eigedom AS har kjøpt Rosendal hyttetun.

Kroka Eigedom AS med Oddbjørn Kroka som dagleg leiar og styreleiar kjøper Rosendal Hyttetun og Camping i Neslia. Drifta vert ei utviding og utvikling av det Oddbjørn Kroka driv på heimegarden Kroka i Mauranger, nemleg veketutleige med tanke på det tyske markedet. Oppstarten vert til sommaren i år med ein person i jobb med tilsyn, reinhald og anna førefallande arbeid.

Kroka Eigedom AS med firmaadresse i Ospelunden i Uskedalen har som mål i driva eigedomsutvikling med drift og utvikling av Rosendal Hyttetun og andre tilsvarende prosjekt. Oddbjørn Kroka stadfestar overfor uskedalen.no at han har kjøpt eigedomen i Rosendal. Det er 10 faste hytter for utleige i tillegg til 9 faste campingvogner. Han har alt avtale med Norway Fjordhytter om fast utleige på veketbasis.

Det føreligg godkjend reguleringsplan over område. Her ligg det inne planar for bygging av 11 nye leilegheter fordelt på tre bygg. Område har eit stort potensiale for vidare drift og utvikling. Kroka kjenner markedet og veit kva som skal til for å halda oppe ei god og forsvarleg drift.

Tekst: Kristian Bringedal
Foto: Rosendal.hyttetun.no
Nett: Thor Inge Døssland